

Hopslia

FUKTIG OG FRODIG

Somme av kjempetrea i HOPSILIA nord for Holmefjord er så mykje som tretti meter høge. Alm og ask er mest vanlege, lind er sjeldnare. Mjukt fjell, lune veksttilbøve og nok av lys gjer at dei trivst nettopp ber.

Området mellom Eikelandssosen og Tysse er det lett å sjå korleis vegetasjonen vekslar med dei ulike landskapsformene. Som regel dominerer furuskogen på åsane og der terrenget er småkupert. Lauvskogen står som tettast i dei bratte liene.

Nord for Holmefjord, i dalen som fører eit par kilometer nordover frå Hope og litt inn i Samnanger kommune, ligg ei langstrekt li med lauvskog. Ei av dalsidene, Hopslia, ligg gunstig vend mot søraust. Våren kjem tidleg her, plantene kan dermed dra nytte av ekstra lang sesong. Og når berggrunnen attpåtil er skifrig, ligg alt til rette for edellauvskog.

Forutan alm, ask og noko lind veks det òg mykje hassel i lia, somme stader så tett at skogbotnen blir svært skuggfull. Lengst inne i dalen er det gråoren som rår grunnen. Dei to bregnene strutsevang og junkerbregne er typiske saman med ei rekkje urter.

Einskilde artar har funne grobotn i den bratte bergveggen i overkant av skogen. Meir lys og mindre konkurranse gir betre sjanse for å overleva. Sidan fuglane spreier frøa, har barlind kunna slå rot høgt oppe i bergsprekkane. Særleg store blir likevel ikkje trea på slike stader. Bergflette klatrar i bergveggen. Jamvel bergfrue klarar seg så lenge det ikkje er tre som kastar skugge.

Hopslia er fuktigare enn dei fleste edellauvskogane i fylket. Årsnedbøren i lia er så høg som 2500 millimeter. Etter mykje regn kan skogbotnen vera svært sleip. Vatnet sildirar frå berget og nedover lia, gjerne lenge etter at det har slutta å regna.



*Junker-
bregne,
ein av dei
mange
store
bregnane
som veks
i Hopslia.
(Bjørn Moe)*



Bjørn Moe




bergflette
bergfrue
junkerbregne
kystmaigull
myske
sanikel
skogstjerne-
blom
skogsvingel
strutsevang
trollurt
vårmarrihand

FJELLSIG


Skulle du vera på vandring på fjellet MØSHOVD ovanfor Helland, nokre kilometer vest for Eikelandssosen, må du vera varsam. Der terrenget flatar ut i om lag 600 meters høgd ovanfor den bratte fjellskrenten ned mot Helland, finst fleire opne sprekkar; opptil 50 meter djupe, 130 meter lange og 2-6 meter breie. Ura nedanfor fjellet, Hellandsura, strekkjer seg fleire hundre meter oppover i lia og ser relativt «fersk» ut. Er det nokon samanheng?

Sprekkane på Møshovd blir danna ved at det øvre laget av fjellet (granitt) sig sakte på eit lag av glimmerskifer ut mot brattkanten før store stykke brotnar av og dett ned i Hellandsura. Rørslene forplantar seg eit stykke inn på den delen av fjellet som ikkje brotnar, der sprekkane opnar seg.

Fenomenet kalliar vi fjellsig; fjellet sig i periodar med mykje nedbør og såleis mindre friksjon. Ei tjørn på fjellet har ikkje synleg utløp. Vatnet renn ned gjennom sprekkane og kjem ut i ei kjelde med jamn temperatur like over ura. Kor ofte det går store skred, er uvisst.



*Profil frå Møshovd til Hellandsura som syner prinsippet for kortleis fjellet sig i området.
(Inge Aarseth/Eva Bjørseth)*



*«Det ble loddet 50 meter ned i sprekken» står det i teksten til dette biletet frå Hellandsura i Årbok for Bergen Turlag, 1953.
(Niels-Henrik Kolderup)*

